

Velferds- og dyrehelseregelverk ved nybygging og ombygging

Mattilsynet forvaltar matloven og dyrevelferdsloven som har fleire forskrifter med krav til bygg for storfe. Velferdsregelverket er mest omfattande, men regelverk som gjeld dyrehelse, næringsmiddelhygiene og økologisk landbruksproduksjon har òg byggmessige krav.

Seniorrådgivar/veterinær ·

MATTILSYNET seksjon dyrevelferd

Tekst: Per Helge Seltveit · tlf. 905 52 820



Eksempel på smitteluse.

Dette regelverket kjem i tillegg til byggtknisk regelverk som m.a. inneheld krav til brannsikring. Gjeldande forskrifter skal gi klare reglar og rammer for satsing og investering. Likevel blir regelverk frå tid til anna utvikla og endra, og i ein byggeprosess er det klokt å orientere seg om regelverk som er under utforming. På nettsidene til Mattilsynet er det ei tydeleg lenke til «Alt om regelverk». Her finn ein dei gjeldande forskriftene, vegleiarane og framlegga til endringar av regelverket. Nettsidene inneheld òg anna relevant informasjon, m.a. ein artikkel om «Mattilsynets vurdering av egnethet for ny type golv i husdyrrom for storfe» som òg er førande for nye typer av utstyr, tekniske løysingar og bygningar som kjem på marknaden.

Vegleiar til forskrift

Forskrift om hold av storfe er den mest sentrale forskrifta som har krav til bygg og fysisk miljø for storfe. I stor grad har forskrifta funksjonskrav, og vegleiarane gir rettesnor til både dyrehaldarar og tilsyn om kva som konkret vil

oppfylle funksjonskrava. Døme på dette er forskriftskravet: «Storfe skal ha tilgang på tilstrekkelige mengder drikkevann av akseptabel bakteriologisk og kjemisk kvalitet», der vegleiarane m.a. inneheld ein tabell med normer for vassforsyning. Forskrifta har ein enkelt setning om krav til smitteluse ved inngangspartiet, medan vegleiarane har fleire avsnitt om funksjonelle løysingar og god bruk av smittelusa. Føringss plassar ved utgang er utfordrande å halde reine og tørre, særleg under våte haustar og i vårløysinga. Forskriftskravet er: «Grunnen under føringss plasser og andre sterkt belastede områder skal ha fast dekke. Permanent føringss plass skal være overbygget». Vegleiarane omtalar dette meir inngående. Føringss plassar ute krev grundig planlegging som tek høgde for regn og våt snø.

Rådgjevertenester

Dei sentrale rådgjevertenestene for storfenæringa viser ofte til samanhengen mellom god velferd og økonomisk god produksjon, og tilrådingane går i mange tilfelle utover mini-

mumskrava i regelverket. Desse tilrådingane vil ofte vere føringar ved seinare revisjonar av regelverket. Vegleiarane til storfehaldsforskrifta har referanse til publikasjonen «Hus for storfe» frå Tine rådgiving og Helsetjenesten for storfe. Råd og rettleiing frå praktiserande veterinærar har òg stor verdi for god velferd og dyrehelse.

Rettleiing frå Mattilsynet om regelverk

Haldsforskrifta hadde tidlegare krav til godkjenning av både planteikningar og av bygningar før dei vart tekne i bruk. Det er nå krav til å melde frå til Mattilsynet om nye bygningar og om endringar av bygningane eller driftsforma. Godkjenningsskrav til lokalitet er teke bort sidan ei verksemd sjølv har ansvaret for ei forskriftsmessig drift. Slik drift er alltid ein kombinasjon av anleggsmessig utforming og tilpassa driftsrutinar. Sjølv om planar og teikningar ikkje skal godkjennast, vil Mattilsynet lokalt gi rettleiing om krav i regelverket. Dette kan vere særleg nyttig ved ombyggingar, utviding eller endring av driftsform,



der det kan vere tvil om kva reglar som vil gjelde. For mange vil det kan hende vere ukjent at båsfjøs som har vore ute av drift, nå ikkje kan nyttast utan ombygging til lausdrift, korkje for kyr, ungdyr eller stutar. Omfattande ombygging vil også utløyse krav om lausdrift.

Dei ulike rettskjeldene

Reglane for bygg og fysisk miljø som Mattilsynet forvaltar, omhandlar som nemnd både helse, hygiene og velferd. Dyrevelferdsloven § 8 omhandlar krav til driftsformer, metodar, utstyr og tekniske løysingar. § 15 omhandlar krav til bygningar mm. § 23 omhandlar krav til dyrs levemiljø. Forskrift om bekjempelse av dyresjukdommer har krav til smittehygiene, og forskrift om næringsmiddelhygiene har både hygiene- og smittehygienekrav til primærproduksjon. Primærproduksjonskrava er del av hygieneregelverket innan EØS.

Forskrift om hold av storfe har reglar om velferdsmessig sikre bygningar, brannsikring- og varslings, hygiene- og smittehygiene, oppstalling, liggeunderlag, ventilasjon, ljøs, støy,

vatn og fôr. Krav til mosjon og tilgang til beite gir føringar på plassering av nybygg og tilbygg. Det er eigen paragraf som regulerer driftsforma utegang med enkle tilhaldsrom.

Økologisk storfehold er tilleggsregulert i **forskrift om økologisk produksjon og merking av økologiske landbruksprodukter og næringsmidler (økologiforskriften)**, med utfyllande reglar i «**Veileder B**». Vegleiaren ligg på nettsidene til både Mattilsynet og Debio. «**Veileder B**» inneheld krav frå EU-forordning 2092/91 som ligg som lenke «**EU-standard**» på nettsidene til Debio.

Forskrifter under arbeid

Mattilsynet har nett sendt framlegg til Landbruks- og matdepartementet om endring av forskrift om bekjempelse av dyresjukdommer. LMD tek nå stilling til om dette framlegget skal sendast på høyring. Framlegget vektlegg førebygging av sjukdom og vil ha kortnamnet «dyrehelseforskrifta». Smittefare ved livdyrkontakt vert vektlagt, og ein smittevernplan skal ha opplegg for å kunne isolere nyinn-

kjøpte dyr. Smitteslusekravet vil i framlegget gjelde for alle næringsretta dyrehold og skal tilpassast dei aktuelle driftstilhøva som t.d. utegang for storfe. Dør eller port som berre blir nytta for levering av slaktedyr vil gjelde for nye driftsanlegg og anlegg som blir bygde om. Nyinstallasjon av toalett skal ikkje ha utløp til gjødselkjellar. Desse krava er døme på at etablerte tilrådingar frå næringa kan bli forskriftsfesta.

Mattilsynet arbeider med revisjon av haldforskriftene for storfe, svin, sau og geit. Arbeidet omfattar dialog med næringa, og på same måte som for den nye dyrehelseforskrifta vil eit framlegg bli publisert på nettsidene til Mattilsynet før LMD tek stilling til høyring.

Storfeholdarar som planlegg bygging eller ombygging, må kjenne til gjeldande regelverk og har ansvaret for å følgje reglane. I tillegg er det nyttig å orientere seg om framlegg til nye forskrifter frå Mattilsynet og ikkje minst tilrådingar frå rådgivartenestene.